

Møteinkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtested: Telefonmøte

Dato: 19.02.2015

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 947 89 126 / 948 80 564.
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Viser til førebels innkalling 05.feb. I tillegg til annonserete saker, har det kome inn to saker om reparasjon av bruer i regi av DNT.

Den varsla saka om uttale til nye vedtekter for nasjonalparkstyre ønskjer sekretariatet å drøfte med styret før framlegging som formell sak på neste møte (9.mars). Framlegg til nye vedtekter vert lagt ved møteinkallinga.

For å kople til telefonmøtet gjer de følgjande:

1. Ring 800 88 860
2. Etter informasjon tastar de koden: 605747 og avslutte med #

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 3/2015	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 4/2015	Referatsaker		
RS	Bessegglopet - Rapport 2014		2013/5721
RS	Jotunheimen og Utladalen landskapsvernområde - Vedtak om nye verneforskrifter		2014/523
RS	Delegering av myndighet til å behandle klagesaker etter naturmangfoldloven - Verneområder		2015/620
ST 5/2015	Delegerte vedtak		
ST 6/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2015 - Ny bru over Visa i Visdalen - Sulheim		2015/278
ST 7/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - 2016 - Bruk av helikopter - Innsamling av brearkeologiske funn og paleozoologisk materiale - Oppland fylkeskommune		2015/708
ST 8/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - utskifting bru Glopåe - DNT Oslo og Omegn		2015/1003
ST 9/2015	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2015 - Heving av Brendeteigbrua og transport av material og utstyr med snøskuter - DNT Oslo og Omegn		2015/967
ST 10/2015	Eventuelt		

ST 4/2015 Referatsaker

Besseggløpet - Rapport 2014 2013/5721

Jotunheimen og Utladalen landskapsvernområde - Vedtak om nye
verneforskrifter 2014/523

Delegering av myndighet til å behandle klagesaker etter naturmangfoldloven -
Verneområder 2015/620

ST 5/2015 Delegerte vedtak

Arkivsaksnr: 2015/278-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 03.02.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	6/2015	19.02.2015

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2015 - Ny bru over Visa i Visdalen - Sulheim**Forvaltar si innstilling**

Dag Sulheim får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 d) løyve til oppføring av hengebru over Visa. Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskrift, I tillegg krevst godkjenning frå kommunen og grunneigar. Med heimel § 6.3. k) vert det gjeve løyve til nødvendig bruk av snøscooter for transport av materialar/utstyr til bruha. Transporten skal varslast til SNO v/ Rigmor Solem mobilnr. 959 65 158, eller e-post rigmor.solem@miljodir.no, seinast dagen før.

Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008). Tilrettelegginga vil vera eit fint tilbod om varierte turopplevingar, og blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet. Landskapsmessig vil den nye bruha ikkje gje vesentleg innverknad på landskapet enn eksisterande opplegg av mellombels karakter.

Det er ein føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at samla motorisert transport blir redusert til eit minimum. Alle restar etter den provisoriske bruha/gangbanen skal fraktast ut i samband med etablering av ny bru.


Saksopplysningar**Saksdokument**

- Søknad datert 08.01.15 frå Dag Sulheim om etablering av hengebru over Visa
- Svarbev frå Lom kommune datert 27.01.15

Dag Sulheim har søkt om etablering av hengebru over Visa ved Reinsspranget i

Visdalen. Dette er eit smalt punkt på elva, om lag 3 km sør for Spiterstulen.

Sjå utsnitt av kartskisse og biletet som følgjer søknaden:



Han har følgjande grunngjeving for søknaden:

«Områda vest for Visa og sør for Tverræ er svært attraktive for fjell- og fritidsaktiviteter av variert karakter. I "Grønbakkan", aust for Styggehø, er det far etter folk, med sætertufter og kulturlandskap (sjå navnet "Gamelsætre" på kartet). Her er eit ideelt turmål for familier og andre som ikkje vil høgt til fjells eller på breane. Lenger sør og vest kjem ein inn i Bukkeholet (sør for Styggehø), ein idyllisk liten dal som er fin for turar og overnatting. Brua vil også gje tilgang til Styggehø, Bukkeholsbrean og Bukkeholtindar. Tidlegare bruer har vore svært utrygge og dessutan vorte tekne ved høg vannstand. Trygg alternativ tilgang til områda finst ikkje.»

Den Norske Turistforening (ref. Thomas With og Anne Mari Aamelfot Hjelle) støttar prosjektet. Brua er finansiert ved stønad på inntil kr. 300 000 frå Sparebankstiftinga. I tillegg vil førarane ved Spiterstulen gjere dugnadsinnsats.

Konstruksjon og bygging:

«Brustaden er sumaren 2014 synfart saman med Sverre Sørumgård i Stokk og Stein. Dei har gjeve forslag til konstruksjon og plassering og sagt seg villig til å stå for bygging av brue. Eksempel på konstruksjon går fram det vedlagte biletet "Brua ved Arentzbu. Eksempel". Eg ynskjer at brukarane skal sikrast ytterlegare med sidesikring, som illustrert på biletet "Hengebru med sidesikring". Dette for at familiar med born kan vera trygge.»



Brua ved Arentzbu



Hengebru med sidesikring

Bygging er planlagt før sommaren 2015. Nødvendig transport er tenkt utført med scooter på slutten av vinteren, og det blir også søkt om godkjenning for slik transport.

Likelydande søknad er sendt nasjonalparkstyret og Lom kommune, med kopi til Statskog, Lom fjellstyre, DNT og firma Stokk og Stein.

Lom kommune har ved brev av 26.01.15 gjeve ein førebels aksept for tiltaket:

I kommuneplanens arealdel er området der bruа er planlagt lagt ut til LNF1-område (landbruksnatur- og friluftsområde med forbod mot spreidd utbygging). Enkel tilrettelegging for allment friluftsliv er i tråd med friluftsformålet i LNF-kategorien. Ei bru som avbilda på vedlegg til ditt brev vil kunne karakteriserast som «enkel tilrettelegging», dvs. det er ikkje nødvendig med dispensasjonsbehandling frå gjeldande plan.

Før byggjesøknaden kan takast opp til behandling i kommunen må Nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark/ Utladalen landskapsvernområde og Lom fjellstyre/ Statskog som grunneigar ha gjeve løyve til tiltaket.

Når kommunen får inn byggjesøknaden vil den bli oversendt NVE for uttale før behandling.

Vurdering

Bygging av bru og nødvendig motorferdsel knytt til utføring skal vurderast i høve til verneforskrift og forvaltningsplan (utkast 2008). Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert i høve til revidert verneforskrift som vart godkjend av Kongen i Statsråd 14.11.14 , men forvaltningspraksis er ikkje endra der forskrifta ikkje er endra.

§ 3 pkt. 1.1 slår fast at det skal vera eit generelt vern mot inngrep i landskapet.

Pkt. 1.3 opnar for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til nærmere definerte tiltak, m.a.:
«d) Bygging av bruer og legging av klopper.»

§ 3 pkt. 6.1 set forbod mot motorferdsel:

«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

Pkt. 6.3 opnar for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til nærmere definerte tiltak, m.a.:
k) Bruk av beltekøyrety på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.

Forvaltningsplan, forslag oversendt direktoratet for godkjenning i 2008:

Området ligg i brukssone, og forvaltningsplanen seier m.a. dette om denne kategorien:

- «*Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.*»
- *Overordna strategi for sona:*
Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av bruksona.»
- «*Vedlikehald av eksisterande stiar med merking, skilt, bruver og liknande er tillate (framlegg verneforskrift § 3.1.2b NP, § 3.1.2c LVO). Fylkesmannen kan gi løyve til merking av nye stiar, skilt, vegvisarpilar og bygging av bruver (framlegg verneforskrift § 3.1.3 NP og § 3.1.3 LVO)»*
- «*Bruer over elver langs T-merkte stiar er eit viktig tilretteleggings- og tryggleikstiltak. Pga meir ekstremt ver dei seinare åra har ein til tider større vassføring enn før. Friluftsliv i fjellet har dessutan tiltrekt seg nye brukargrupper som har mindre ferdigheter i å krysse elvar.»*
- *Retningslinjer:*
Tilrettelegging for ferdsel skal ta strenge omsyn til naturverdiane. Merking av fotturruter skal følgje Merkeinstruksen (utarbeidd av DN og DNT). Vegvisarar skal vere nøkterne og lagast i naturmateriale. Det skal takast omsyn til fauna og flora ved merking av stiar. Bruer vil få løyve langs T-merkte stiar der dette er naudsynt. Bruer skal vere i diskret material- og fargeval og med ei utforming som gjer at dei går best mogleg inn i terrenget. Den som har løyve til merking og/eller oppsetting av bruver m.m., har også ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket.»

Vurdering

Tiltaket vert vurdert å vera i tråd med forslag i forvaltningsplanen, som opnar for tilrettelegging for ferdsel gjennom merking av stigar, og opning for å gje løyve til bygging av nye bruver «*langs T-merkte stiar der dette er naudsynt*». Det er rett nok ikkje T-merking mot den aktuelle brukryssinga, men det er fleire stigar i området slik at brua først og fremst vil vera ei tilrettelegging for å auke tryggleiken. Det er andre ruter enn berre dei T-merka stigane til DNT som kan ha behov for gode løysingar for kryssing av elver og bekkar, og tilknytinga til T-merking er fjerna i den nye verneforskrifta.

Hovudbrua over Visa nede ved Spiterstulen er eit alternativ, men sjølv om ein her kjem over Visa, vil det stå att mange til dels utfordrande bekkekryssingar på vestsida av Visa dersom ein skal innover mot Bukkeholet tidleg på sommaren. Brua opnar også for ein kortare tur som høver godt for barnefamiliar og andre som ikkje går dei lengste fjellturane. Den nye brua blir ikkje vurdert å verta skjemmande i landskapet, og vil verta eit stort framsteg i høve til den provisoriske kryssinga med utlegging av stige som blir noko brukt i dag.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og tilrettelegginga skjer i tilknyting til etablert tursti.

§ 9 Føre-var prinsippet: Tilrettelegginga skjer i brukssone, og ein kan ikkje sjå at dette vil gje merkbar meirbelastning på naturmiljøet.

§ 10 - Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvalningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til byggetiltak, men det omsøkte tiltaket vil gje trygg kryssing over Visa. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene, ved at den nye bruva vil fylle fleire formål.

§ 11 - Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.

§ 12 - Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er ein føresetnad at motorisert transport for gjennomføring av oppdraget blir planlagt godt for å unngå unødig kjøring innan verneområdet.

Konklusjon:

Ei bru vil vera eit verdifullt tilbod til friluftslivet, og kan bidra til å styrke reiselivsbedrifter og aktivitetsfirma som nyttar området. Den vil ikkje få negative konsekvensar for naturmangfaldet. Skissert bruløysing gjev ikkje stor innverknad på landskapet. Det er ein føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at motorisert transport innan verneområdet blir redusert til eit minimum.

Søknaden skal også behandlast av kommunen, som forvaltingstyresmakt etter plan- og bygningslova, og det er ein føresetnad at grunneigar gjev samtykke.

Arkivsaksnr: 2015/708-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 30.01.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	7/2015	19.02.2015

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - 2016 - Bruk av helikopter - Innsamling av brearkeologiske funn og paleozoologisk materiale - Oppland fylkeskommune**Forvaltar si innstilling**

Oppland fylkeskommune v/Kulturarveininga får med heimel i verneforskrifta § 3, punkt 4.1 dispensasjon for uthenting av arkeologiske funn og paleozoologisk materiale i området rundt Nørdre Trollsteinhøe for å auke kunnskapen om kulturminna og bevare funna for ettertida.

For effektiv gjennomføring av det brearkeologiske sikringsprogrammet blir det med heimel i verneforskrifta § 4, jf naturmangfaldlova § 48, gjeve løyve til bruk av helikopter for inntil 2 turar årleg på seinsommar/haust i 2015-2016.

Dato for helikoptertransport skal seinast dagen før varslast til SNO v/ Rigmor Solem på Mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no.

Nasjonalparkstyret ønskjer å få tilbakemelding i form av ein kortfatta rapport som viser kva funn som er gjort, dato for helikopterbruk og ein oversikt som listar opp antal og type funn som blir frakta ut av verneområdet.

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad datert 07.01.15 frå Oppland fylkeskommune
- Verneforskrift av 14.10.14
- Utkast til forvaltningsplan (2008)
- Tilsvarande saker frå andre verneområde; Breheimen, Reinheimen og Dovrefjell/Sunndalsfjella.

Oppland fylkeskommune v/Lars Holger Pilø søker om følgjande dispensasjon:

«I forbindelse med det brearkeologiske sikringsprogram søkes det om følgende:

Vern av kulturminner: Det søkes om dispensasjon fra verneforskriftens § 3, punkt 4.1 for perioden 2015-16, slik at de arkeologiske funn kan samles inn og bevares for ettertiden. Vi ønsker samtidig å samle inn paleozoologisk materiale fra isen, i hovedsak fallgevir. Dette arbeid vil særlig være knyttet til de arkeologiske funnstedene.

Motorferdsel: Det søkes om dispensasjon fra verneforskriftens § 3, punkt 6.1, for å kunne gjennomføre 1-2 helikopterløft pr. år i forbindelse med feltarbeidet i 2015-16. I utgangspunktet ønsker vi å utføre feltarbeidet uten bruk av helikopter. Erfaringene fra tidligere feltarbeid i Breheimen og på Kvitingskjølen viser at det kan oppstå behov for slike løft, både pga. utstyrsmengde som trengs til feltarbeidet, og i noen tilfeller også fordi tidspress nødvendiggjør dette. For 2015 søker vi om tillatelse til å gjennomføre helikopterløft til Nørdré Trollsteinhøe.»

Vurdering

Grunnlag for vurdering av søknaden er verneforskrift og framlegg til forvaltningsplan.

Formålsparagrafen i verneforskrifta – § 1 – har følgjande ordlyd:

Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som innehold særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfold, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske førekomstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleveling gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Kulturminne er del av verneformålet, og forskrifta legg til grunn at lause kulturminne ikkje skal takast ut av området - jf. § 3 pkt. 4. i verneforskrifta:

4.1 Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Riving og flytting av bygningar som kan ha kulturell eller historisk verdi krev løyve fra forvalningsstyresmakta.

4.2 Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til:

Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

§ 3, pkt 6 set forbod mot motorferdsel, men § 4 opnar for dispensasjon:

§ 4 Generelle dispensasjonsreglar

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsplan (utkast/tilråding frå 2008):

Forvaltningsplanen har inga særskild omtale av lause kulturminne, men gjev føringar for bevaring av kulturminne på generell basis (s. 46):

«*Mange av kulturminna og kulturlandskapet som er innanfor verneområda vil det vere eit mål å sikra og/eller halde ved like. Dei fortel om samspelet mellom menneske og natur og gjer områda rikare. Registrering og tiltak for å ta vare på kulturminne og kulturlandskap krev særleg kompetanse og ofte store ressursar. Slike tiltak føreset eit nært samarbeide med Riksantikvaren/fylkeskonservatorane og forskingsmiljøa.»*

Retningslinjer og tiltak – s. 48:

All forvaltning av kulturminne skal skje i samarbeid med kulturavdelinga i fylkeskommunen. Skjøtsel av kulturlandskap skal skje i samarbeid med kommunane og landbruksavdelinga hos fylkesmannen.

Tiltak:

- *Utarbeide ein kulturminneplan for verneområda*
- *Gjennomføre kontinuerlege registreringar av kulturminne i samarbeid med andre personar og institusjonar med koordinatfesting*
- *Utvikle samarbeid med fylkeskonservatorane, forskingsmiljø, skular og lokalpersonar om arbeid som vedkjem kulturlandskap, bygningsmiljø og kulturminne.*
- *Heve kompetansen m.o.t. kulturminne og kulturlandskap.*
- *Ta del i sikring av kulturminne i samarbeid med andre, jf. lokalkunnskap.*

Vurdering


Kulturminne

Alle kulturminne verna mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast, jf. § 3 pkt. 4.1. I spesielle tilfelle kan det gjevast løyve til at kulturminne kan fraktast ut av verneområde for å sikrast mot øydelegging og for å sikre kunnskap for ettertida. Dette må vurderast i etter den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta, § 4 jf. naturmangfaldlova § 48.

Tiltaket gjeld kartlegging og sikring av kulturminne gjennom innsamling av funn som elles vil tapt ettersom isen smeltar attende. Biologisk materiale som smeltar fram blir raskt brote ned når det ikkje lenger er skjerma mot lys og luft. Det har vore systematisk innsamling av fonnofunn i Nord-Gudbrandsdalen gjennom sikringsgruppa sidan 2011. Status ved årsskiftet 2013/14 er det samla er inn nærare 1680 funn i fylket. Dette set Oppland i ei særstilling *globalt* med meir enn halvparten av verdas funn (ca. 3000). Dei fleste av desse funna er gjort i Breheimen nasjonalpark, men eitt av dei mest omtala er kanskje den nær intakte skinnskoa som vart funne innunder Kvitingskjølen, nordaust for grensa til Jotunheimen nasjonalpark. I tillegg er det fortsatt funn som har smelta ut, og som derfor bør sikrast. Klimaendringane vil truleg føre til vidare avsmelting av gammal is, slik at stadig fleire gjenstandar vil koma fram i dagen. Arbeidet med å sikre funna frå isen i Oppland bør derfor halde fram i åra som kjem.

Motorferdsel

Nørdre Trollsteinhøe ligg i sone utan tilrettelegging og inngrep, i teig 3 nord i parken:



Etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark er all motorferdsel forbode, jf. § 3 pkt. 6.1. I særlege tilfelle kan det gjevast løyve til motorferdsel sjølv om det ikkje er spesielle dispensasjonsheimlar for i verneforskrifta (verneforskrifta § 4 jf. naturmangfaldlova § 48).

Tiltakshavar ønskjer i utgangspunktet å unngå motorisert transport, men behov for ein del utstyr og kort tidsrom for gjennomføring gjer at arkeologane vurderer det som mest praktisk å kunne bruke helikopter for å frakte inn og ut utstyr, og ha høve til effektiv og trygg transport av eventuelle funn ut frå området. Transport vil gå føre seg på seinsommaren/hausten, når breane og fonnene har trekt seg attende, og før den første snøen kjem. Dette korte tidsrommet dei har til å sikre nye funn gjer at ein vurderer transportbehovet som godt dokumentert. 1-2 helikopterløft på denne tida av året i 2015 og 2016 vil i liten grad verke inn på verneverdiar eller friluftslivsinteresser i området.

For tilsvarande sak i Breheimen nasjonalpark er det m.a. vist til følgjande:
«Kulturminnestyresmakta har gjennom det arbeidet som er gjort sidan 2011 3 års erfaring å bygge på når det gjeld sikring av kulturminne frå breområda. Det er ikkje avdekt negative sider ved dette arbeidet. Alternativet ville vore at gjenstandane som er av jarn og tre etter kvart ville forvitra og forsvunne.»

Kartlegging og dokumentasjon av bre- og fonnenfunn har pågått i 3 år, og det er opparbeidd solid erfaring om korleis ein skal gjennomføre slikt arbeid. Kunnskapen om området er god. Innsamling må skje på det tidspunktet breane er minst, dvs. om hausten. Ein unngår med det motorstøy i den mest sårbare perioden på våren, med yngletid for dyr og fuglar. Sidan Nørdré Trollsteinhøe ligg i eit område på rundt 2000 m.o.h. blir det fort ein kamp mot tida med tanke på første snøfalla i august /september. Påverknad i høve til samla belastning i verneområdet er liten, og oppdraget er av så spesiell karakter at det ikkje vil skape uheldig presens – jf. naturmangfaldlova §§ 9-10. Risikoen for at det oppstår skade med bakgrunn i innsamlingsarbeidet er svært liten. Transport med helikopter er hurtig og effektiv. Det skadar heller ikkje miljøet så lenge det blir teke omsyn til dyrelivet, jf. nml § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Eit par helikopterturar som dette vil ikkje påverke økosystemet nemneverdig. For heile verneområdet er det svært få slike forskingsturar, slik at samla belastning er lita. Det ligg føre ein grundig dokumentasjon for det arbeidet som er planlagt, og det blir vurdert å ha samfunnsmessig verdi og vera i samsvar med verneformålet ved at det gjev auka kunnskap og sikrar kulturminna mot øydeleggning.

Arkivsaksnr: 2015/1003-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 11.02.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	8/2015	19.02.2015

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 -
utskifting bru Glopåe - DNT Oslo og Omegn****Forvaltar si innstilling**

DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 6.3. k) løyve til nødvendig bruk av snøscooter for transport i samband med utskifting av øydelagt bru over Glopåe, nord for Russvatnet. Løyvet gjeld for to turar i mars/april 2015. Transporten skal varslast til SNO v/ Rigmor Solem mobilnr. 959 65 158, eller e-post rigmor.solem@miljodir.no, seinast dagen før.

Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskrift. Transportøren har leigekjørarløyve i kommunen, slik at forholdet til motorferdsellova er avklara.

Tiltaket gjeld utskifting av øydelagt konstruksjon, og vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008), og blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det er ein føresetnad at tiltakshavar legg til rette for at samla motorisert transport blir redusert til eit minimum. Alle restar etter den øydelagde bruva skal fraktast ut i samband med etablering av ny bru.

Saksopplysningar

Saksdokument

Søknad/e-post av 10.02.15 frå DNT Oslo og Omegn v/Thomas With:

«Vi søker med dette om transportløyve i forbindelse med utskifting av bruva over Glopåa, Blackwellbue.

Vidar Rugsveen vil foreta transporten og arbeidet med bruva. Han har generelt løyve i

Vågå kommune. Søknaden gjelder fra nasjonalparkgrensen ved Russvassosen og inn til brustedet. Det blir kjørt isen innover Russvatnet og opp langs elva.

Antall omsøkte turer er 2 i tidsrommet mars/april. Vi ber om fleksibilitet i tilfelle dårlige føre innover.»

Vurdering

Nødvendig motorferdsel knytt til utskifting av bru vert vurdert i høve til verneforskrift og forvaltningsplan (utkast 2008). Forvaltningsplanen er ikke oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend av Kongen i Statsråd 14.11.14, men forvaltningspraksis er ikke endra der forskrifter ikke er endra.

§ 3 pkt. 6.1 set forbod mot motorferdsel:

«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

Pkt. 6.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til nærmere definerte tiltak, m.a.: «k) Bruk av beltekøyretøy på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.»

Tiltaket vert vurdert å vera i tråd med forslag i forvaltningsplanen, som opnar for tilrettelegging for ferdseil gjennom merking av stigar, og opning for å gje løyve til bygging av nye bruer «langs T-merkte stiar der dette er naudsynt».

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og motorferdselen er avgrensa til eit par turar

§ 9 Føre-var prinsippet: Tilrettelegginga skjer i brukssone, og ein kan ikke sjå at dette vil gje merkbar meirbelastning på naturmiljøet.

§ 10 - Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene.

§ 11 - Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert ikke relevant.

§ 12 - Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er ein føresetnad at motorisert transport for gjennomføring av oppdraget blir planlagt godt for å unngå unødig kjøring innan verneområdet.

Arkivsaksnr: 2015/967-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 12.02.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	9/2015	19.02.2015

**Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2015 - Heving av
Brendeteigbrua og transport av material og utstyr med snøskuter -
DNT Oslo og Omegn**

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde §3 pkt. 1.3 c løyve til heving av brubana og tilkomstrampene til Brendeteigbrua. Samstundes vert det gjeve løyve til skutertransport av material og utstyr inn og ut etter §3 pkt. 6.3 g. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 4 skuterturar med material og utstyr inn til bruha fra Hjelle og 3 skuterturar ut med material og utstyr fra bruha til Hjelle.
- Løyve til transport gjeld fram til 31. mars 2015.
- Transport skal ikkje skje søndagar eller heilagdagar. Det er viktig at transporten tek omsyn til andre brukarar av Folkevegen og er så skånsom som råd.
- Seinast dagen før oppstart av transporten skal SNO v/Rigmor Solem varslast (mob. 959 65 158) slik at SNO kan gje melding om det må takast spesielle omsyn.

Ein enkel rapport skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail innan 01.mai 2015.

Brendeteigbrua vart øydelagt av flaum i haust og er heilt naudsynt for den t-merka stien opp Brendeteigen. Brua har vore øydelagt fleire gonger og DNT vil derfor heve brubana for å sikre bruha betre.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad datert 04.02.2015, frå DNT Oslo og Omegn.

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

Hausten 2014 øydede ein flaum brua over Utla nord for Vetti som går over til vestsida av Utladalen, direktevegen opp til Stølsmaradalen. Dette er ein del av DNT sitt t-merka rutenett i Jotunheimen og Utladalen. Elva Utla er stor og kan ikkje kryssast utan bru. Terrenget er bratt opp frå begge sider av elva. Brua er ei føresetnad for halde oppe stien opp Brendeteigen.

Brua har ved fleire høve blitt skada av flaum og DNT Oslo og Omegn ønskje derfor å heve brubana og tilkomstrampane. I tillegg til kostnadane er bruva kritisk for folk som er på tur her. Det er langt opp att og rundt og det kan oppstå falege situasjonar. Det vert derfor søkt om heving av bru og motortransport med skuter av material og utstyr inn og avfall og utstyr ut.

Heime!

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernombretet er det «...forbod mot inngrep som ...oppføring og ombygging av varige og mellombelse ...anlegg» (verneforskrifta §3 pkt. 1.1) og «...motorferdsel er forbode på land og i vatn...» (verneforskrifta §3 pkt. 6.1). Men forvalningsstyresmakta kan gje løye til «gjenoppføring av ...anlegg ...som er tapt ved brann eller naturskade» (verneforskrifta §3 pkt. 1.3 c) og «*transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på ...anlegg...*» (verneforskrifta §3 pkt. 6.3 g)

§ 1 i verneforskrifta til Utladalen landskapsvernområde:

«Formålet med landskapsvernombretet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette*
- *eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgfjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningane og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- *naturmangfold som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslier til høgfjell og artar knytte til desse.*
- *særprega vassdragsnatur og landskapsformer.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Vurdering

Utøving av friluftsliv er ein del av verneformålet med landskapsvernområdet. Det t-merka sti-systemet til DNT er ein viktig del av infrastrukturen for mange av dei besøkande til verneområdet og viktig for opplevinga av verneområdet. Desse stiane fungerer også som kanalisering av besøkande. Særleg bru er viktige i dette sti-systemet og desse krev regelmessig vedlikehald. Større hendingar som flaum skjer også regelmessig og krev tiltak for å oppretthalde sti-systemet. Det kan sjå ut som hyppigheita av blant anna flaumar aukar på, noko som i så fall stemmer med prognosane til klimaforskarane som spår ver som vert «våtare og villare».

Ei heving av brubana og tilkomstrampane vil gjere denne brua mindre sårbar for nye flaumar som vil kome. I tillegg til å spare ny tiltak med vedlikehaldsarbeid, vil også ei sikrare bru kunne redusere faren for at fotturistar blir sett «fast» på vestsida av elva. Kjennskapen til naturverdiane i området og denne typen bruker er god (§8 nml.) og vilkår om opprydding hindrar unødig påverknad på landskapet (§9 i nml.). Denne typen hengebru er brukt fleire stadar i fjellet og har liten påverknad på opplevinga av landskapet (§12 i nml.) § 10 og 11 i naturmangfaldslova er ikkje relevant for vurdering av denne saka.

Motorferdsel er forbode, men noko er naudsynt for blant anna å vedlikehalde infrastrukturen for utøving av friluftsliv. Både trematerial og stålmaterial må fraktast inn saman med utstyret. Det vert forventa at dette vert gjennomført så effektivt som råd sidan transport er ein kostnad både for oppdragsgjevar og tiltakshavar. Naturverdiane langs Folkevegen inn frå Hjelle til Vetti er godt kjent og her er det allereie ein del trafikk både motorisert og anna (§8 i nml.). Det er viktig at tiltakshavar tek omsyn til andre brukarar inn i område både ved å køyre aktsamt og unngå tidspunkt med mykje utfart (søndag og feriedagar). Koordinering av inn- og uttransport er viktig for å redusere talet turar til eit minimum (§9 i nml.). Effekten av motorferdsel på naturverdiane er delvis avheng av tidspunkt på året og det er ein fordel om turane vert gjennomført så tidleg som mogleg, helst i februar. Då vil den samla belastninga vere minst (§10 i nml.). Bruk av snøskuter vil gje støy, men vil truleg ha mindre negativ effekt på naturverdiar som rovfugl enn helikopter for dette tiltaket. §11 i naturmangfaldslova er ikkje relevant for vurdering av denne saka.